

## Rapport etter synfaring – Mjåtveitmarka

Vegar som skal takast over til kommunal drift og vedlikehald er o\_Veg 1, Gs-veg nr.1, o\_Veg 2, o\_Veg 3 og o\_Veg4.

Vegavdelinga var på synfaring saman med sakshandsamar byggesak for å sjå på veganlegget i Mjåtveitmarka. Det er mange feil langs vegnettet som ikkje er bygga i samsvar med normer, plan og utbyggingsavtale.

Det er bestilt dronefoto og reknar med det vert filma i desse dagar. Det vil bli eit viktig verktøy å sjekke opp mot reg.plan.

### Generelt:

Veglys bygga langs vegane er ikkje i samsvar med krav til veglysanlegg. Det er strenge krav til slike anlegg og skal vere bygga i samsvar med forskrifter.

Fundament for lysmaster skal ligge nokre cm. over bakkenivå. Luntespalte mellom fundament og stolpe skal vere open for å unngå fukt som kan skade elektronikken i stolpane. Enkelte stader har private bygga mur rundt lyspunkta og ut på anna veggrunn. Slik veglysanlegget er i dag, kan ikkje kommunen overta det.

Ut frå lister motteke frå BKK er det berre 2 kopleingspunkt i heile Mjåtveit, dvs. veglys langs dei private vegane er kopla saman med dei som skal takast over til kommunale veglys. Det blir vanskelig å overta anlegget når ein ikkje kan måle desse anlegga separat.

Heile veglysanlegget må sjekkast og setjast i stand etter gjeldande forskrifter. Veglys langs offentlege vegar må koblast frå resten av anlegget slik at dei får egne skap med målarar.

Vegdekket dårleg og gammalt langs alle vegane kommunen skal overta. Det bør stillast krav om nytt asfaltdekke på alle offentlege vegar og fortau, før kommunen tek over til drift og vedlikehald. Kantstøyp for fortau langs alle dei offentlege vegane er dårleg og på veg til å gå i oppløysing fleire stader. Dette må ordnast før kommunen tek over drift og vedlikehald.

### Liste over manglar på veg og sideareal:

#### o\_Veg 1:

Her står det i utbyggingsavtalen at vegen skal takast over til drift og vedlikehald fram til kryss ved GS-veg nr.1 og veg 1.4. Men, veg 1,5 er og regulert offentlig og bør difor halde same standard som o\_Veg 1.



Alle veglysa langs denne vegen er feil montert. Dei ligg for lavt og luftespalta fungerer ikkje. Det er ikkje skille mellom offentlig og private veglys slik dei er kopla.

Det er problem med overvatn i overgangen mellom fortau og veg i kryss mot o\_Veg 2, avslutning av fortau frå fylkesvegsida må rettast opp slik at dette ikkje er eit problem.



Det er ikkje fall frå o\_Veg 1 mot f\_Veg 1. Alle avkøyrslar til offentleg veg skal ha fall frå den offentlege vegen. Kan heller ikkje sjå at det er tilfredstillande drenering for å ta hand om vatnet som renn rett inn på den offentlege vegen.

Fortauet er regulert som heiltrekt fortau med pil for avkøyrslar. Alle avkøyrslar over fortau som ikkje er vegkryss, skal etablerast med nedsenka fortauskant.

### Gs-veg nr.1:

Gang og sykkelvegen er utforma på ein slik måte at det samlar seg vatn som ikkje drenerer til terreng i lavbrekket. Det er same type lys på dei private parkeringsplassane som ikkje skal driftast eller vedlikehaldast av kommunen.

### o\_Veg 2:

Fortauet er regulert som heiltrekt fortau med pil for avkøyrslar. Alle avkøyrslar over fortau som ikkje er vegkryss, skal etablerast med nedsenka fortauskant. Her er det på alle avkøyrslar mot private parkeringsanlegg fortauet som må vike for bilen. I samsvar med N100 skal alle slike avkøyrslar etablerast med nedsenka kantstein, slik at det er bilen som skal over fortauet, ikkje dei gåande som skal vike for bil. Dette er difor ikkje bygga i samsvar med reguleringsplanen.

Det er ingen form for drenering i fortauet langs denne vegen. Om tanken er at vegvatn skal drenerast mot grøft motsatt side og mot terreng innside fortau, er det ikkje tilfredstillande slik det er i dag.



Anna vegareal som er regulert i plan er det fleire stader ikkje tatt hensyn til. Det er etablert murar tett i fortauet i starten, kor veglysa er mura rundt. Her er det ikkje lenger anna vegareal. Fleire stader er det asfalterte flater i samanheng med fortau utan drenering eller grøft mellom.

Minst ein lysstolpe er asfaltert over fundament, slik at det ikkje er mogleg å komme til fundament og skruer og all lufting til stolpen er tett, dvs. den ligg under asfaltdekket.

Fleire av lysa her er og ikkje optimale med tanke på plassering av fundament og luftespalte.

Om tanken er at vegarealet skal drenere mot grøft motsatt side av fortau, må det etablerast grøft og fall på vegen som fører vatn mot denne grøfta.



I kryss mot o\_Veg 3 er det eit ikkje asfaltert felt kor det samlar seg mykje vatn. Det er ikkje laga drenering her, skulle vore ein sandfangkum med røyr under fortau mot terreng.

Det er etablert skjermvegg langs heile B24, sjølv om byggegrensa er regulert 5m frå. Dei fleste har tatt omsyn til Anna vegareal bortsett frå hekk siste hus mot o\_Veg 4. Langs fortauet i dette krysset (på enden av B24) er det planta hekk for tett på vegen. Denne er planta i regulert siktzone, på anna vegareal og vil vokse inn over fortausarealet. Det er slik den er planta i dag ikkje anna vegareal for snøopplag eller drenering og den vil vokse rundt veglysstolpar. Denne hekken bør flyttast inn før den blir for stor til å flytte og krav om fjerning.



Krysset der avkøyrsløse og gs-veg nr. 2 kjem ut i o\_Veg 2 har heller ikkje fall frå offentleg veg. Her har utbyggar på B24 muntleg fått løyve av Marianne for at den er ok slik den er. Det er ein liten kant mellom asfaltdekket og fall mot open grøft til terreng men er ikkje optimalt.

Bildet viser og nokre røyr i denne grøfta som me er usikre på kva er. Mogleg overvatn frå B24?

Avkøyrsløse mot Veg 2.1 har heller ikkje fall. Her er vegen opp til B28 så bratt at det ikkje er mogleg å etablere fall mot offentleg veg. Kan heller ikkje sjå at det er utført tiltak for handtering av overvatn frå veg her. Vegen er så bratt at det ikkje burde vore gitt løyve til etablering. Det er lagt varmekabler i dekket mtp vinter.

### **o\_Veg 3:**

Fortau er etablert med kantstøyp, men ingen drenering langs fortau og oppsamling av vatn inn mot o\_Veg 2. Det er laga nedsenka kant i enden av fortauet. Denne er svært stygg og det er ikkje tilsvarende nedsenking i fortau på motsatt side. Det er mykje betongrestar i grøfta som må ryddast opp i.



Det er veglys langs veg 3.1, men det er ikkje etablert trekkerøyr eller fundament for veglys langs o\_Veg 3. Det skapar ikkje heilskap i området.

Asfaltdekket har ikkje full breidde med skøyt midt i vegen som ikkje ser ut til å vere overlappa. Før kommunen overtek, må dette dekket leggest over heile vegbana, slik at kommunen ikkje får problem kort tid etter overtaking.

#### **o\_Veg 4:**

Fortauet endar lenge før barnehagen. Dette fører til at bilar står parkert på arealet kor det burde vore fortau. I samsvar med reguleringsplan skal fortauet trekkast heilt bort til barnehagen.



Det er heller ikkje godt definert areal til sнопlass i enden av den offentlege vegen, noko som er vesentleg for både bossbil og brøyteutstyr.

Det er og dårleg definert overgang til gangvegen som går ned langs barnehagen.

Det grusa arealet vert ofte brukt til parkering og gir dårlege forhold for mjuke trafikantar i området.

